

# Sakspapir

<b>Sakshandsamar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Jarle Lunde	K1-122	18/1303

<b>Saksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
031/24	Villreinnemnda for Setesdalsområdet, arbeidsutvalet	PS	24.09.2024

## Uttale til søknad om forlenga byggefrist for Blåfjell pumpe med overføring til Blåsjømagasinet

### Forslag til vedtak

Sidan konsesjon for Blåfjell pumpe blei gitt i 2017 er det komme eit betre kunnskapsgrunnlag om villreinen, samt prosessar for å betre leveforholda for arten i det nasjonalt viktige Setesdal Ryfylke villreinområde:

- Kvalitetsnorm for villrein: Setesdal Ryfylke villreinområde er vurdert til å vere i dårleg tilstand.
- Tiltaksplan for villrein: Regjeringa har starta arbeidet med ein tiltaksplan for å betre tilstanden.
- Vilårsrevisjon for Ulla-Førre: Villrein er eit viktig tema, men Blåfjell pumpe er ikkje del av vilårsrevisjonen.
- Andre konsesjonssøknader: Det er under planlegging anna utviding av kraftanlegga i villreinområdet

Arbeidsutvalet i villreinnemnda meiner det ikkje bør gis ei forlenga byggefrist for Blåfjell pumpe. Det er naudsynt å vurdere planane på nytt. Ein treng ei oppdatert villreinfagleg vurdering som ser på ei utbygging i forhold til samla belastning, og i samheng med tiltaksplan for Setesdal Ryfylke villreinområde. Kvalitetsnorma for villrein tilseier at ein må betre situasjonen for villreinen i området.

Sand, 24.09.2024

## Vedlegg:


Høring av søknad om forlenga byggefrist - Blåfjell pumpe med overføring til Blåsjømagasinet i Ulla-Førre-systemet

## Saka

Statkraft Energi AS fekk opphavleg konsesjon til å byggje Blåfjell pumpe i 2013 og seinare løyve til planending den 1.9.2017. I 2018 søkte Statkraft om ytterlegare planending, men denne søknaden vart trekt 06.05.2024.

NVE har no motteke ein søknad om løyve til å forlenga byggefristen for Blåfjell pumpe (opphavlege konsesjonsgitte planar) med fem år, til 31.8.2027. NVE skal vurdere om det har kome inn nye moment i saka som tilseier at fristen ikkje bør forlengjast.

Planlagt tiltak ligg sørvest for Førrevassdammen (Blåsjø) i Hjelmeland kommune. Involverte vatn er hovudsakleg Store Gilavatn, Store Blåfjellvatn og Trolltjerna. Vatn skal pumpast opp til Blåsjø. Rekna produksjon er 46 GWh



Planområdet ligg vest for Blåsjø, i Hjelmeland kommune.

## Villreinen i området

Tiltaksområde ligg i nasjonalt villreinområde.

På grunn av inngrepa i Blåsjøområdet nyttar ikkje villreinen Blåfjellområdet på same måte i dag som før. Generelt er det færre dyr og dei er her mindre regelmessig enn tidlegare. Her er mest bukk.

## Uttalar

Saka er sendt på ein avgrensa høring med frist 12.9.24 (villreinemnda har fått utsett frist).

Hjelmeland kommune ved formannskapet ber om at det ikkje vert gitt utsett byggefrist for realisering av Blåfjell pumpekraftverk. Sidan 2017 har det kom til nye moment som tilseier at ei kraftutbygging i dette området bør sjåast på i ein breiare samanheng. Forholdet til villreinen blir fremma.

Rogaland fylkeskommune vurderer saka på same måte (11.09.2024): *Det vil være naturlig å vurdere samlet belastning på villreinen, miljø og andre allmenne interesser av de samlede kraftutbyggingene i området og de pågående vilkårsrevisjoner og utbyggingsplaner som foreligger i området.*

### **Vurdering i forhold til villrein**

Det kjem fram i saka at Statkraft sin søknad til planendring frå 2018 er trekt. Til denne endringssøknaden uttalte nemnda:

*Sett frå villreininteressene er det i framlagt planendringssøknad både positive og negative sider for villreinen. Slik villreinnemnda ser det er dei negative sidene langt større enn dei positive. Villreinnemnda vil difor rå i frå godkjenning av planendringssøknad slik den er lagt fram. Eit slikt avslag bør ikkje vere til hinder for at Statkraft kan nytte båt/lekter/helikopter i anleggsdrifta, i staden for midlertidig anleggsveg langs Store Gilavatnet. Dette vil truleg også kunne redusere anleggstida noko.*

Søknad om løyve til å forlenge byggefrist gjeld for godkjend planendringssøknad frå 2017. I dette planforslaget var det fleire avbøtande tiltak som villreinnemnda har støtta opp om, sett i forhold til opphøveleg konsesjon frå 2013.

Som det går fram av villreinnemnda sin uttale frå 2019 var det også element i den forkasta planendringssøknaden frå 2019 som kunne ses på som nye positive avbøtande tiltak.

Villreinnemnda har altså gitt uttale til NVE fleire gongar om Blåfjell pumpe. Det har og vore dialog med Statkraft i forhold til avbøtande tiltak.

Spørsmålet no er ikkje kva villreinnemnda meiner om prosjektet, men om det har komme inn nye moment i saka etter 2017 som tilseier at fristen ikkje bør forlengast. I dette må ein og stilla spørsmål om kunnskapsgrunnlaget som låg til grunn for konsesjonen er godt nok i dag.

Sekretariatet meiner følgjande nye moment er relevante sett i forhold til villreininteressene.

- Kunnskapsgrunnlaget er generelt betre om villrein. Det gjeld og om villreinen i Setesdal Ryfylke villreinområde. Den villreinfaglege rapporten knyt til Blåfjell pumpe er frå 2008
- Villreinen har komme på raudlista
- Me har fått kvalitetsnorm for villrein. Denne konkluderte med at Setesdal Ryfylke villreinområde kom ut i dårleg tilstand (ikkje godkjend).
- Regjeringa har starta opp arbeidet med ein tiltaksplan for å betre tilstanden. Utkast til tiltaksplan blei levert KLD i desember 2023 og utgjør eit breitt spekter av ulike foreslåtte tiltak. Mellom anna er det foreslått tiltak i forhold til vandringsbarrierar både nord og sør for Blåfjellområdet (Øvre-Moen/Oddatjørndammen, Storsteinområdet)
- NVE opna vilkårsrevisjon for Ulla-Førre anlegga i 2019. Villrein er der eit viktig tema. Blåfjell pumpe er ikkje ein del av revisjonen sjølv om det i NVE si vegleiinga om vilkårsrevisjon heiter: «*Dersom det er aktuelt med opprustning og utvidelse av*

*reguleringsanlegget, vil behandlingen av et slikt prosjekt normalt samordnes med vilkårsrevisjonen».*

- Røldal Suldal kraft har søkt om opprusting og utviding av sitt anlegg med mellom anna pumpekraftverk. Fleire andre konsesjonærar i villreinområdet planlegg også tilsvarande.

Sekretariatet meiner punkta ovanfor viser at det er naudsynt å vurdere Blåfjell pumpe på nytt. Ein treng ei oppdatert villreinfagleg vurdering som mellom anna ser på tiltaket i forhold til samla belastning, samt ser ei mogleg utbygging i samanheng med vilkårsrevisjon for Ulla-Førre og tiltaksplan for Setesdal Ryfylke villreinområde. Kvalitetsnorm for villrein tilseier at ein må betre situasjonen for villreinen.

## **24.09.2024 Villreinnemnda for Setesdalsområdet, arbeidsutvalet**

### **Handsaming:**

Ingen merknad.

Samrøystes i samsvar med forslag til vedtak

### **VRN-AU - 031/24 Vedtak:**

Sidan konsesjon for Blåfjell pumpe blei gitt i 2017 er det komme eit betre kunnskapsgrunnlag om villreinen, samt prosessar for å betre leveforholda for arten i det nasjonalt viktige Setesdal Ryfylke villreinområde:

- Kvalitetsnorm for villrein: Setesdal Ryfylke villreinområde er vurdert til å vere i dårleg tilstand.
- Tiltaksplan for villrein: Regjeringa har starta arbeidet med ein tiltaksplan for å betre tilstanden.
- Vilårsrevisjon for Ulla-Førre: Villrein er eit viktig tema, men Blåfjell pumpe er ikkje del av vilårsrevisjonen.
- Andre konsesjonssøknader: Det er under planlegging anna utviding av kraftanlegga i villreinområdet

Arbeidsutvalet i villreinnemnda meiner det ikkje bør gis ei forlenga byggefrist for Blåfjell pumpe. Det er naudsynt å vurdere planane på nytt. Ein treng ei oppdatert villreinfagleg vurdering som ser på ei utbygging i forhold til samla belastning, og i samanheng med tiltaksplan for Setesdal Ryfylke villreinområde. Kvalitetsnorma for villrein tilseier at ein må betre situasjonen for villreinen i området.